

## FOSS UTVIKLINGSSELSKAP AS

Kvassnesvegen 23  
5914 Isdalstø

Foretaksnr. 893071512  
Tlf.nr. 56353000  
Bankg.nr. 36325592952  
Dato 08.04.2014

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 9. 04. 2014	
Ark. saksnr	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Lindås kommune,  
Rådhuset  
4914 Isdalstø

Att: Tor Hegle

**Svar på brev av 24.04.2014, vedk avvisning av faktura 149, Gbr 188/346 Gjervi Ytre.**

Dette dokumentet er ikkje noko nytt, men eit som har lagt i saksmappa og som vi for lang tid sidan har fått kopi av. På denne teikninga er hovedbygningen 16,0 meter, inngangspartiet er ikkje målsett. Dersom du meiner at det er dette dokumentet som gav grunnlag for behandling av rammesøknaden for Reklamehuset 17.06.02 ber vi om å få oppgitt kva mål du meiner det skal være på trappehuset.

Ved forvaltningsrevisjonen Byggesaker Foss Eiendom og Reklamehuset utarbeidd av Deloit i april 2011, opplyste kommunen at tegningene som kommunen mottok 03.06.02 og som låg som grunn for byggesaksbehandlingen 17.06.02 ikkje var å finne.

Den første tegningen Deloit kan finne er stempla 28.06.02 og meiner at det er denne teikninga som er lagt til grunn ved byggesakshandsaminga. Denne viser hovedbygg på 16 meter og eit ikkje målsett trappehus. Ut frå teikninga har Deloitte rekna seg til at trappehuset på denne teikninga hadde ei bredde på 2,50 meter. Total bredde på bygget 18,50 meter.

Ansvarlig søker, arkitekt Rolv Eide seier at innsendte tegninger mottatt av Lindås kommune 03.06.2002 viste eit hovedbygg på 16 meter + eit trappehus med bredde 1,70 meter, total bredde 17,70 meter.

Vi forstår det slik at det er den teikninga vi no har fått kopi av som kommunen meiner er den teikninga som danna grunnlaget for sakshandsaminga 17.6.2002  
Men vi manglar framleis breiddemålet på inngangspartiet. Vi ber om å få opplyst kva bredde kommunen legg til grunn.

Med helsing  
FOSS EIENDOMSSELSKAP AS

  
Bjarne Foss